

Årsmelding for Torpo Diakoninemnd 2016

Desse var i nemnda 2016

Vigdis Vedvik Gåsterud (leiar)

Eldbjørg Moen

Ingunn Slaatten (skrivar)

Svein Ove Stølen (økonomiansvarlig)

Anne Torild Grødum

Hilde Kirkebøen, diakon.

Nemnda hatt tre møter, og handsama 23 saker.

Fasteaksjonen 15. mars

Resultatet frå Torpo var kr. 9 824,- kr, ein liten nedgang frå året før. På sentrumsruta bør ein neste år ha med vaksne med bil, slik at alle husstandar vert besøkte.

Det er også eit mål ha ei meir sosial ramme etter innlevering av bøssene, ved at alt foregår inne i kyrkja.

Nattverdsmesse Søndag 5.juni

Alle som har fylt 80 år fekk tilbod om å møte på Gudsteneste 5.juni. Kyrkjekaffi og Ingunn Stræte Lie spelte for dei frammøtte

Tur for eldre til stølsdagen på Gaurhovd/ Fjellkvil 6.aug.

Turen vart avlyst pga dårleg vær, så maten som vart kjøpt inn leverte Anne Torild ut til eldre etterpå. Alle over 80 år var invitert. Pengane som var satt av til buss, svart brukt på haustfesten.

Hausttur 1.september

Fire stk frå Torpo var med. Leveld kunstnartun og Hemsedal flatbrødbakeri vart besøkt. Guida fjelltur frå Leveld til Hemsedal. 35 personar deltok på turen.

Haustfest 12. oktober.

Haustfesten er ein fest for pensjonistane og jubilentane i bygda. Torpo drilltropp var med og Gunnlaug Lien Myhr fortalte fortalt og song frå boka si om dei dei gamle songskattane i Hallingdal. Diakon Hilde Kirkebøen leia festen. Litt dårleg oppmøte, vurderer å flytte festen neste år slik at det ikkje blir for tett program for dei eldre. Ha dialog med ungdomslaget så haustfestane for eldre ikkje blir i same veke.

Helgemessesundagen 6. november

Diakoninemnda hadde ansvar for kyrkjekaffi og dei som har mista sine kjære gjennom året vart spesielt invitert. Mykje folk og flott song frå B'karan.

Pakkemøte 6.desember

Torpo har 12 frivillige diakonikontaktar som går på julebesøk til dei eldre over 80 år og som òg går med blome til dei på årsmålsdagar (80,85, 90, 95). På pakkemøte i des. blei kransstengene pakka og fordelt.

Takk til alle diakonikontaktar og diakoninemnda for godt samarbeid og innsats i 2016!

03. Februar 2017

For Torpo Diakoninemnd

Vigdis Vedvik Gåsterud og Hilde Kirkebøen